

Markerer anleggstarten av Mehuken II

Vardar og Østfold Energi markerer mandag anleggstarten av Mehuken II i Vågsøy. Åtte nye vindmøller skal bygges i tillegg til de fem som allerede står der.

Kvalheim Kraft som eies av Østfold Energi og Vardar starter byggingen av åtte nye vindturbiner på Mehuken i Vågsøy. Mandag 10. august foretas

den offisielle anleggstarten av utvidelsen av vindparken på Mehuken. Anleggstarten blir en del av programmet for Inspirasjonsdagen for offshore vindkraft i Sogn og Fjordane, og er åpen for alle interesserte.

I desember i fjor fikk Kvalheim Kraft støtte til prosjektet gjennom ENOVAs vindkraftprogram. Prosjektet har en kostnadsramme på i

underkant av 250 millioner kroner, og støtten fra ENOVA utgjør inntil 93 millioner kroner.

Kvalheim Kraft er et vindkraftselskap som eies med 50 prosent hver av Vardar AS og Østfold Energi AS. Selskapet har siden 2001 eid og drevet fem vindturbiner på Mehuken. Det nåværende anlegget på Mehuken produserer cirka 12 GWh årlig.

Med åtte nye vindturbiner vil den totale årsproduksjonen bli cirka 65 GWh.

– Dette er en viktig milepel for Kvalheim Kraft og viktig for selskaps videre satsning på vindkraft, sier styreleder i Kvalheim Kraft, Johannes Rauboti i forbindelse med anleggstarten.

Utvidelsen av Mehuken innebærer at det etableres 2 kilometer med ny vei og at det strekkes 14 kilometer med ny kraftledning fra vindparken til Deknepollen. Det skal dessuten

bygges en driftsbygning i vindparken. Hver av de åtte vindturbinene får en installert effekt på 2,3 MW. De nye turbinene har en navhøyde på 64 meter og en rotordiameter på 71 meter. De eksisterende turbinene har en installert effekt på 0,85 MW, en navhøyde på 50 meter og en rotordiameter på 52 meter.

Kvalheim Kraft inngikk i juli 2008 en avtale med Zephyr AS om drift av de eksisterende vindturbinene samt om utbyggingen av de nye åtte vindturbinene.



Tidleg ute: Marianne Kvalheim frå Servicetorget (t.v.) tok gledeleg imot stemmene frå Aslaug og Anne Mette Austmyr.

– Nytt retten til å stemme

Anne Mette Austmyr kunne ha stemt i Saudi-Arabia, men for tryggleiks skuld så valde ho å stemme på Servicetorget i Måløy. Ho oppfordrar alle til å nytte si rett til å stemme ved Stortingsvalet.

John Ivar Olsen

john.ivar.olsen@fjt.no
telefon 932 12 625

Aslaug Austmyr hadde med seg dottera Anne Mette til stemmelokalet på Servicetorget i Måløy. Dei ville vere tidleg ute med å stemme i år.

– Vi pleier å gjere det så fort vi har moglegheita, seier Anne Mette.

Ho bur i Saudi-Arabia med mann og born, men tok turen til mor si i Vågsøy i sommar. Austmyr seier det er enklare å stemme i Norge enn på konsulatet i Saudi-Arabia.

– Då slepp eg alle problem med språk og faren for at brevet ikkje vert sendt eller at det kjem vekk i transporten, seier Austmyr.

Viktige retter

Anne Mette er universitetsutdanna

Liten stemmepågang i kommunane

Høvet til å stemme ekstra tidleg til Stortingsvalet 2009 har ikkje vore mykje nytta av nordfjordingane.

I år kan folk stemme til Stortingsvalet allereie frå 1. juli. Ein telefonrunde til kommunane i Nordfjord viser at det

zoolog og arbeider med utryddingstruga dyr, og særleg elefantar og elfenbeinshandel. Ho har òg vore aktiv i Unge Høgre i sine ungdomsår.

– Eg burde eigentleg blitt politiker, men alle reisene mine har brent den ideen ned, ler Austmyr.

Ho er svært oppteken av å nytte stemmeretten og meiner det er svært synd at fleire, og særleg ungdommen, ikkje skjønner viktigeita med å stemme.

– Dei aner ikkje kva rettar som er gjeve til dei. I Norge har vi opne og frie val og eit skikkeleg folkedemokrati, seier Austmyr som meiner vi har ein plikt til å nytte den retten vi har til å stemme.

Manglar demokrati

Sjølv lever ho i eit land der ho ser mangel på demokrati og segregering til dagleg.

– Det er ikkje demokrati i Saudi-Arabia. Kvinner kan ikkje stemme. Menn og kvinner må gå i bryllaup gjennom separate inngangar og kvinner kan ikkje arve, fortel Austmyr.

ikkje er noko særleg pågang med folk som vil stemme tidleg.

Eid kommune ligg øvst lista med ti personar som har tidlegstemt.

Etter fylgjer både Bremanger, Vågsøy og Vanylven kommune med fem personar på kvar. Nedst ligg Selje kommune med to personar.

Sjef: Heidi Grande Røys er ein statsråd som meiner at rikfolket har råd å betale skatt. (Foto: Åge Senneset)

– Gunnar flott kapitalist

Heidi Grande Røys og SV kunne vurdert å endra eigen skattepolitikk om det var fleire kapitalistar som Gunnar Carlson.



Odd L. Drablos

odd.drablos@fjt.no
telefon 971 54 896

– Eg veit kva Gunnar Carlson meiner om formuesskatt og om vår skattepolitikk. Eg har møtt han fleire gonger og fått lagt fram vårt syn og fått klare tilbakemeldingar på kva han meiner om den, seier Heidi Grande Røys.

Fornyingsministeren frå Kalvåg er SV sin førstekandidat på partiet si liste til stortingsvalet i haust.

Kjend tonar

Det kom ikkje som noko stor overrasking på Heidi Grande Røys at Gunnar Carlson har eit heilt anna syn på kva skattepolitikk som er fornuftig enn det hennar eige regjeringsparti har.

– Eg har møtt Gunnar Carlson fleire gonger på bedriftsbesøk i Vågsøy, og lat det vere sagt at Gunnar Carlson er ein flott kapitalist, seier SV-statsråden, som utdjuvar kvifor ho meiner akkurat det:

– Gunnar Carlson brukar pengar og han satsar lokalt. Carlson har satsa på ungdom med innovative tankar. Ei satsing som har skapt aktivitet og arbeidsplassar i Vågsøy. Hadde fleire kapitalistar vore som Gunnar Carlson så kan det hende at vi hadde vurdert å endre skattepolitikken vår, men den ligg fast og den kjem til å ligge fast, seier Grande Røys.

Skattelette

Heidi Grande Røys fortel at den regjeringa ho og hennar eige parti er ein del av har laga ein skattepolitikk som gjer at svært mange med middels og lav inntekt no betalar mindre i skatt enn det dei gjorde under den borgerlege regjeringa.

– Vi har auka botnfrådraget for at pensjonistar og folk med mindre formuar skal betale mindre i skatt. Folk med høg inntekt må betale lite grann meir enn dei gjorde før, sei-



er Grande Røys.

Ho seier at dei med store formuar og svært høg inntekt også i framtida må rekne med å gje sine bidrag til fellesskapet dersom SV får halde fram i regjering:

– Vi har ein skattepolitikk som tilseier at også «storkarane» skal betale sin del til fellesskapet. På den måten så kan vi la dei som tener minst betale litt mindre i skatt. Det er no ein gong slik at vi alle må bidra og derfor så skjerpar vi skatten litt for dei med mest pengar og slepp opp litt i andre enden, seier Heidi Grande Røys.

Heidi Grande Røys vart for åtte år sidan den fyrste stortingsrepresentanten frå Sogn og Fjordane SV. Ved valet for fire år sidan mangla SV nokre få røyster på at SV og Grande Røys kapra både fjerdemandat og

Nye tilsetjingar i Vågsøy

Vågsøy kommune har tilsett folk i fleire utlyste stillingar, melder kommunen på nettsida si.

Dagny Nave vart 18. mai tilsett som leiar kjøkkenet etter Oddrun Kongsvik som gjekk av med pensjon.

Viviann Midtbø er tilsett som rektor ved Bryggja skule frå 1. august. Midtbø har vore konstituert i same stilling frå 1. august i fjor.

Line Hodnefjell er tilsett som tenesteleiar Holvik barnehage frå 1. august. Hodnefjell har tidlegare vikariert i same stilling i lengre tid.

Alle må ha valkort

I desse dagar mottok veljarane valkorta vedkommande Stortingsvalet 2009. Alle som fyller 18 år i valåret og som har røysterett får valkort tilsendt i posten. Valkortet skal takast med til stemmelokalet.

Valkortet blir utarbeidd på grunnlag av folkeregisteret sine opplysningar om veljarane si bustadsadresse per 30. juni i valåret. Det er altså denne adressa som avgjer kva kommune veljarane har røysterett i.

Dei som meiner dei skal ha valkort, men som ikkje har mottoke kortet, må sjekke dette ved å ta kontakt med kommunen.

● I siste vassprøve frå Rug-sund vassverk vart det påvist koliforme bakteriar. Drikkevatt må difor kokast. Ny melding vert gjeve når kokepåbødet vert oppheva, melder Bremanger kommune på sine nettsider.

Dømt for promillekøyring

Ein nordfjording i 60-åra er i Fjordane Tingrett dømt til fengsel i 18 dagar for brot på vegtrafikklova.

Mannen var i juni i fjor ute og køyrde moped trass i at han var påverka av alkohol. Blodprøva viste at mannen hadde ein promille på 0,75.

I retten tilstod den sikta utan atterhald, og vedtok dommen på staden. Dommen er gjort betinga, med ei prøvetid på to år. Mannen må også betale ei bot på 30.000 kroner.

r er ein italist



utjammingsmandat frå Sogn og Fjordane. Då Jens Stoltenberg sette saman ei regjering bestående av statsrådar frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosia-

listisk Venstreparti vart Heidi Grande Røys utnemnt til fornyingsminister, noko ho har vore i fire år.

.. men ikkje flott nok til at SV endrar eigen skattepolitikk



Fit faksimile 5. august 2009

STIFTINGA KRISESENTERET I SOGN OG FJORDANE

- Støtte og hjelp til kvinner utsett for psykisk/fysisk mishandling.
- Døgnoppe butilbod
- Du kan ta med barn på senteret.
- Gratis advokatteneste
- Råd og rettleiing på telefon eller dagbesøk

57 74 36 00

www.krisesenteret.sf.no